

GISKE KOMMUNE
Kontrollutvalet

MØTEINNKALLING

23.04.2014

Kopi til: Ordføraren
Revisor
Rådmannen

Medlemene av
Kontrollutvalet

INNKALLING TIL MØTE I GISKE KONTROLLUTVAL

Det blir med dette kalla inn til møte i kontrollutvalet

**onsdag 30.04.2014 kl. 12.00
på Giske rådhus**

FORELØPIG SAKLISTE:

- Sak 08/14 - Godkjenning av møtebok frå møte 12. februar 2014
- « 09/14 - Orientering om rekneskap 2013 - orienteringssak
- « 10/14 - Orientering frå rådmann/kommunalsjef om lovmessig krav til sjukeheimsplassar
- « 11/14 - Tilsynsrapport om tenester til personar med psykisk utviklingshemming
- « 12/14 - Innstillingsrett – kontrollutval eller rådmannen
Eventuelt

Dersom det er vanskeleg å møte, gje melding på telefon 70 17 21 58 eller 97 60 57 83 til dagleg leiar eller e-post harald.rogne@skiks.no

Dag Oksnes
leiar
(sign.)

**KONTROLLUTVALET I
GISKE KOMMUNE**

MØTEBOK

Møtedato: 12.02.2014 kl. 13.00

Møtestad: Giske rådhus

Møtet vart leia av Dag Oksnes.

Elles til stades: Anne Lise Hessen Følsvik, Arnfinn Rune Giske, Harald Hole og Ruth Roald

= 5 voterande

Frå kontrollutvalsekretariatet møtte dagleg leiar Harald Rogne.

Frå kommunerevisjonen møtte dagleg leiar Kjetil Bjørnsen.

Frå Giske kommune møtte, økonomisjef Ann Kristin Thue i sak 02/14, leiar for tekniske tenester Olav Megrund i sak 04/14 og teamleiar i barnevernet Caroline Urke i sak 05/14.

Det var ingen merknader til innkalling eller sakliste, men det vart innmeldt ei sak under eventuelt.

SAK 01/14

GODKJENNING AV MØTEBOK FRÅ MØTE 17 OKTOBER 2013

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Møtebok frå kontrollutvalet sitt møte 17. oktober 2013 blir godkjent.

SAK 02/14

ORIENTERING OM REKNESKAP 2013 - ORIENTERINGSSAK

Økonomisjef Ann Kristin Thue opplyste at rekneskapen ikkje var so ferdig at rekneskapsresultatet var klart.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek saka til orientering.

SAK 03/14**PROSESS MED UTGREIING AV SAMANSLÅING AV REVISJONSDISTRIKT –
ORIENTERINGSSAK**

Dagleg leiar i kommunerevisjonen, Kjetil Bjørnson, orienterte.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek saka til orientering.

SAK 04/14**EI ORIENTERING FRÅ RÅDMANNEN OM KOMMUNENS BRUK AV KONSULENTAR
OG PROSJEKTLEIARAR - ORIENTERINGSSAK**

Leiar for tekniske tenester Olav Megrund orienterte.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek saka til orientering.

SAK 05/14**ORIENTERING OM STATUS FOR BARNEVERNET - ORIENTERINGSSAK**

Teamleiar i barnevernet, Caroline Urke, orienterte.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek saka til orientering.

SAK 06/14**LØNN RÅDMANN – PROSESS VEKOMANDE GODKJENNING**

(Saka kom opp under eventuelt)

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Saka blir avslutta.

SAK 07/14

SAMANSLÅING AV OMSORGSDISTRIKT

(Saka kom opp under eventuelt)

Harald Hole orienterte.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek saka til orientering.

Dag Oksnes	Anne Lise Hessen Følsvik	Arnfinn Rune Giske	Harald Hole	Ruth Roald
leiar (sign.)	nestleiar (sign.)	medlem (sign.)	medlem (sign.)	medlem (sign.)

**SUNNMØRE
KONTROLLUTVALSEKRETARIAT IKS**

Kontrollutvalet i
Giske kommune

Dato: 23.04.2014

SAK 11/14

**RAPPORT FRÅ TILSYN MED TENESTER TIL PERSONAR MED PSYKISK
UTVIKLINGSHEMMING ETTER LOV OM HELSE- OG OMSORGSTENESTER I
GISKE KOMMUNE 2013**

Som vedlegg følgjer:

- Rapport nemnt ovanfor

Rapporten avdekte to avvik:

1. Giske kommune sikrar ikkje i tilstrekkeleg grad at alle tenestemottakarane får tenester i samsvar med gjeldande regelverk.
2. Giske kommune har sett i verk tiltak som inneholder bruk av tvang og makt overfor enkelte personar med psykisk utviklingshemming utan at lova sine krav om sakshandsaming er følgt.

Det vart ikkje gitt merknader i dette tilsynet.

Avvik dreier seg om at krav som er gitt i eller i tråd med lov eller forskrift ikkje er oppfylt.

Merknad er forhold som ikkje er i strid med krav som er fastsett i eller i tråd med lov eller forskrift, men der tilsynsorganet finn grunn til å påpeike betringspotensial.

Det blir forøvrig vist til rapporten.

Rådmannen blir bedt om å orientere om avvika som kjem fram i rapporten og kva som har blitt gjort med desse. Når kommunen mottek slike rapportar, kan det vere av interesse å bli orientert korleis rapportane blir gjort kjent overfor politikarane i kommunen.

Harald Rogne
dagleg leiar



tilsyn med barnevern, sosial- og helsetjenestene

Rapport frå tilsyn med tenester til personar med psykisk utviklingshemming etter lov om helse- og omsorgstenester i Giske kommune 2013

Adressa til verksemda: Valderøya, 6050
Valderøya

Tidsrom for tilsynet: 04.10.2013 - 17.01.2014

31.01.2014

Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Samandrag

1. Innleiing

2. Omtaleav verksemda - spesielle forhold

3. Gjennomføring

4. Kva tilsynet omfatta

5. Funn

6. Regelverk

7. Dokumentunderlag

8. Deltakrar ved tilsynet

Samandrag

Denne rapporten gjer greie for dei avvika og merknaden e som blei påpeikte innanfor dei områda som blei reviderte. Systemrevisjonen gjaldt følgjande område:

Helse- og omsorgstenester til personar med psykisk utviklingshemming Bruk av tvang og makt overfor personar med psykisk utviklingshemming

Under tilsynet blei det avdekt to avvik:

Avvik 1:

Giske kommune sikrar ikkje i tilstrekkeleg grad at alle tenestemottakarane får tenester i samsvar med gjeldande regelverk

Avvik 2:

Giske kommune har sett i verk tiltak som inneholder bruk av tvang og makt overfor enkelte personar med psykisk utviklingshemming utan at lova sine krav om sakshandsaming er følgt

Det er ikkje funne grunnfag til å gje merknadar i dette tilsynet.

Molde 20.01.2014

Janne Bjørnsnøs
revisjonsleiar

1. Innleiing

Anders Skorpen
revisor

Rapporten er utarbeidd etter systemrevisjon ved Giske kommune i perioden 04.10.2013 - 17.01.2014. Revisjonen går inn som ein del av den planlagde tilsynsverksemda hos Fylkesmannen i dette året

Fylkesmannen har fullmakt til å føre tilsyn med helse- og omsorgstenesta etter helse- og omsorgstenestelova § 12-3, 1. ledd, som mellom anna seier at fylkesmannen skal føre tilsyn med om kommunen oppfyller sine plikter pålagd i kapitla 3 til 10 i same lov.

Formålet med systemrevisjonen er å vurdere om verksemda tek hand om ulike krav i lovgivinga gjennom internkontrollen sin. Revisjonen omfatta å undersøke om:

- kva tiltak verksemda har for å avdekkje, rette opp og førebyggje brot på lovgivinga innanfor de tema tilsynet omfattar
- tiltaka blir følgde opp i praksis og om nødvendig korrigerte

- tiltaka er gode nok for å sikre at lovgivinga blir følgd

Ein systemrevisjon blir gjennomført ved å granske dokument , ved intervju og andre undersøkingar.

Rapporten handlar om avvik og merknader som er avdekte under revisjonen og gir derfor inga fullstendig tilstandsvurdering av det arbeidet verksemda har gjort innanfor dei områda som tilsynet omfatta.

- **Avvik** dreier seg om at krav som er gitt i eller i tråd med lov eller forskrift, ikkje er oppfylte
- **Merknad** er forhold som ikkje er i strid med krav som er fastsette i eller i tråd med lov eller forskrift, men der tilsynsorganet finner grunn til å påpeke betringspotensial

2. Omtale av verksemda - spesielle forhold

Giske kommune er ei øykommune med om lag 7550 innbyggjarar fordelt på dei 4 øyene Vigra, Valderøy, Giske og Godøya. Kommunen har i samband med tilsynet opplyst at den yter tenester etter helse- og omsorgsteneste lova til 27 personar med psykisk utviklingshemming.

Kommunen er organisert i flat struktur med 16 resultateiningar, stabseining og rådmannsteam. Helse- og omsorgstenester til personar med utviklingshemming er i hovudsak lagt til

Valderøy omsorgsdistrikt og Vigra omsorgsdistrikt. Resultateining Barn , familie, helse tildeler støttekontakt- og avlastningstenester.

Valderøy omsorgsdistrikt har det siste året blitt større. Det er mellom anna bygd eit nytt bufellesskap for personar med psykisk utviklingshemming. Innflytting i ny bustad er til dels forsinka då prosessen med å tilsette nytt personell og tilpasse tenestetilbod til enkeltbrukarar har teke meir tid enn først planlagt.

3. Gjennomføring

Systemrevisjonen omfatta følgjande aktivitetar:

Revisjonsvarsel blei sendt ut 04.10.2013. Oversikt over dokument som verksemda har sendt over i samband med tilsynet, er gitt i kapitlet Dokumentunderlag.

Opningsmøte blei halde den 18.11.2013.

Intervju

12 personar blei intervjua.

Oversikt over dokumentasjon som blei gjennomgått i samband med revisjonsbesøket , er gitt i kapitlet Dokumentunderlag.

Det blei gjennomført synfaring ved ein samlokalisert bustad i Valderøy omsorgsdistrikt.

Sluttmøte blei halde den 19.11.2013.

4. Kva tilsynet omfatta

Tilsynet er avgrensa til ei vurdering av om:

Kommunen sikrar at brukar mottek naudsynte tenester etter helse- og omsorgstenestelova § 3-2 nr. 6,jf. pasient- og brukerrettighetslova av 2. juli 1999 nr. 63 (pasient- og brukerrettighetsloven) § 2-la

Kommunen sikrar tenesteutføring av kommunale tenester overfor personar med psykisk utviklingshemming utan bruk av ulovleg tvang og makt.

5. Funn

Avvik 1:

Giske kommune sikrar ikkje itilstrekkeleg grad at alle tenestemottakarane får tenester i samsvar med gjeldande regelverk

Avvik frå følgjande krav frå styresmaktene:

- Forvaltningslova §§ 17 og 25
- Pasient- og brukerrettighetslova § 2-1 a
- Helse- og omsorgstenestelova § 3-2 nr. 6
- Internkontrollforskrifta §§ 3 og 4

Avviket byggjer på følgjande:

- Av dokumentasjon og i intervju kom det fram at kommunen ikkje har system for å vurdere, og eventuelt sette i verk, kompenserande tiltak når tildelt teneste ikkje kan settas i verk innan rimelig tid
- Av dokumentasjon og i intervju går det fram at behovet til foreldra/pårørande ikkje er dokumentert vurdert i enkeltvedtaka.
- Av dokumentasjon går det fram at omgrepene «inntil» blir nytta når det vert angjeve tall på ti mar bistand i enkeltvedtak

Kommentar:

Reglane i pasientrettigheitslova og helse- og omsorgstenestelova skal sikre at tenestemottakarane får tenester på eit tilstrekkeleg nivå. Dersom kommunen ikkje har eit internkontrollsysteem som sikrar at sakshandsamingsreglane blir følgd er det fare for at tenestetilbodet til tenestemottakarane ikkje er i samsvar med brukar sitt behov, og brukarane vil ikkje få den rettstryggleiken dei har krav på. Godt spesifiserte, skriftlege vedtak med grunnlag for individuelle vurderingar av den enkelte tenestemottakar sine behov skal leggje grunnlag for kva slags tenester brukar skal få.

Avvik 2:

Giske kommune har sett i verk tiltak som inneholder bruk av tvang og makt overfor enkelte personar med psykisk utviklingshemming utan at lova sine krav om sakshandsaming er følgt

Avvik frå følgjande krav frå styresmaktene:

- Helse- og omsorgstenestelova §§ 9-5, 9-7 og 9-8, 8-1, 8-2 og 9-4
- Internkontrollforskrifta §§ 3 og 4

Avviket byggjer på følgjande:

- I intervju kom det fram at det ikkje er kjent kven som har det overordna faglige ansvaret og det daglige ansvaret for kapittel 9 i helse- og omsorgstenestelova i kommunen
- I intervju kom det fram at i Valderøy omsorgsdistrikt er det daglege ansvaret i praksis delegert til nestleiar, medan det i den skriftlege delegasjon er delegert til einingsleiar
- I intervju og av dokumentasjon kom det fram at enkelte tenesteytarar ikkje har fått eller ikkje i tilstrekkelig grad har fått opplæring i høve til reglane i kapittel

9. Det går fram av Verksemdsplan 2013 at tilsette skal gjennomføre opplæring i kap. 9 hausten 2013. Det er ikkje gjennomført. I intervju kom det fram at kurset er utsatt . I tillegg kom det i intervju frem at personalet ikkje til ei kvar tid er trygg i tenesteutføringa på grunn av manglande opplæring i korleis handtere utfordrande åtferd

- I intervju kom det fram at lovkrav og rutinar for nedteikning av skadeavverjande tiltak i enkelthøve ikkje er kjent
- I intervju kom det fram at det blir nytta kameraovervaking av ein brukar
- I intervju kom det fram at det blir nytta epilepsialarm
- I intervju kom det fram at ein brukar ikkje har fri tilgang til reinhaldsartiklar og samt produkt for bruk i personleg pleie

Kommentar :

Det er viktig at ansvarslinjene i høve til regelverket er avklart og kjent i verksemda. Vedtak om bruk av tvang og makt kan berre treffast av overordna fagleg ansvarleg for tenesta og kan ikkje gjennomførast før fylkesmannen har overprøvd og godkjent vedtaket.

Ved skadeavverjande tiltak i enkelthøve skal sakshandsamingsreglane i§ 9-7 første ledd følgjast, og det skal mellom anna straks sendast melding om avgjerda til fagleg ansvarleg for tenesta, fylkesmannen, verje eller hjelpeverje og pårørande .

Sakshandsamingsreglane skal sikre at det ikkje blir sett i verk tvangsti ltak utan at alle krava i lova er oppfylt.

Av helse- og omsorgstenestelova § 9-4 går det fram at kommunen plikter å sørge for at tilhøva vert lagt til rette for minst mulig bruk av tvang. Det er presisert at tenesteytarane skal sikrast naudsynt opplæring og fagleg rettleiing. Tenesteytarane må ha tilstrekkeleg kunnskap slik at dei kan identifisere tvang og maktbruk i tenesta, og kunnskap for å kunne innrette seg etter lova sine sakshandsamingsreglar når det gjeld bruk av tvang og makt. Manglande opplæring svekkjer rettstryggleiken ti l personar med psykisk utviklingshemming i saker der det kan være aktuelt å bruke tvang og makt. Når kommunen ikkje har eintydige rutinar som tenesteytarane kjenner til for når ein skal nytte tiltak som inneholder tvang og makt, vil faren for at det blir nytta unødig tvang og makt auke.

6. Regelverk

Myndighetskrav som står sentralt i samband med tilsynet er:

- Lov av 30. mars 1984 nr. 15 om statlig tilsyn med helse- og omsorgstjenesten m.m.
- Lov av 24. juni nr. 30 2011 om kommunale helse- og omsorgstjenester m.m. (helse og omsorgstjenesteloven)
- Lov av 2. juli 1999 nr. 63 om pasient- og brukerrettigheter (pasient- og brukerrettighet sloven)
- Lov av 2. jul i 1999 nr. 64 om helsepersonell m.v. (helsepersonelloven)
- Lov 10. februar 1967 nr. 54 om behandlingsmåten i forvaltningssaker
- Forskrift 21. desember 2000 nr. 1385 om pasientjournal (pasientjournalforskriften)
- Forskrift 20. desember 2002 nr. 1731 om internkontroll i sosial- og helsetjenesten (internkontrollforskriften)
- Forskrift om kvalitet i pleie- og omsorgstjenestene for tjenesteyting etter lov av 19. november 1982 nr. 66 om helsetjenesten i kommunene og etter lov av 13. desember 1991 nr. 81 om sosiale tjenester m.v.

7. Dokumentunderlag

Dokumentasjon frå verksemda knytt til den daglege drifta og andre viktige forhold som blei send over da revisjonen blei førebudd:

- Organisasjonskart Valderøy Omsorgsdistrikt
- Organisasjonskart Vigra Omsorgsdistrikt
- Delgasjonsreglement og disposisjonsfullmakter i budsjettsaker
- Introduksjonsprogram for nytilsette
- Stillingsforklaring for mi ljøteraput i bustad for utviklingshemma
- Lokal læreplan for Reset bufellesskap
- Erklæring om teieplikt
- Kompetanseheving og fagutvikling, hausetn 2013/våren 2014 Fokusområde Gudmundvegen og Skomakarvegen bufellesskap
- Verksemndplan 2013, Vigra omsorgsdistrikt
- Verksemndplan 2013, Valderøy omsorgsdistrikt
- Årsmelding 2012, Vigra
- Årsmelding 2012, Valderøy

- Prosedyrer for tildeling av omsorgstenester
- Kontrollskjema Helse- og omsorgstenestelova kap. 9
- Meldeskjema, datert 05.06.2000
- Turnusplaner
- Skjema for registrering av personskader, ulykker, nestenulykker, hendingar med vold og trusler
- 10 vedtak om tenester med tilhøyrande dokument
- Oversikt personar som tek i mot tenester frå Giske kommune med diagnose psykisk utviklingshemming

Dokumentasjon som mottatt under revisjonsbesøket:

- Prosedyre for søknad om støttekontakt og avlastning
- 3 erklæringar på tenester 2012
- 2 vedtak om tenester
- Dagsplan/prosedyrer for tenesteutføring i høve ein brukar

Dokumentasjon som blei gjennomgått under revisjonsbesøket:

- Stikkprøve i brukarjournalar
- Stikkprøve i rapportbok ved bufellesskap i Valderøy omsorgsdistrikt

Korrespondanse mellom verksemda og Fylkesmannen:

Melding om tilsyn, datert 04.10.2013

- Oversending av dokumentasjon, den 25.10.2013 og 04.11.2013
- Program for tilsynet, 08.11.2013
- E-postar i høve til praktisk gjennomføring av tilsynet
- Oversending av førebels rapport, den 18.12.2013
- Merknad til førebels rapport den 07.01.2014

8. Deltakarar ved tilsynet

Tabellen under gir ei oversikt over deltakarane på opningsmøte og sluttmøte, og over kva personar som blei intervjua.

Navn	Funksjon / stilling	Åpningsmøte	Intervju	Sluttmøte
Gry Kristin Fylling	Miljøterapeut	X	X	
Inger Lise Valderhaug	Assistent	X	X	X
Kjetil Aamelfot	Teamleiar	X	X	X
Karianne Hildremyr	Nestleiar	X	X	X
Rolf Sørhagen	Miljøterapeut	X	X	X
Nina-Mildrid Sæter	Teamleiar	X	X	X
Anne Marta Kringstad	Sakshandsamar		X	
Linn Ord	Assistent		X	X
Ebba Hjellbakk	Einingsleiar	X	X	X
Nina Skjong	Einingsleiar	X	X	X
May-Helen M. Grimstad	Kommunalsjef	X	X	X
Sindre Røsvik	Kst. rådmann		X	X
Bjørn-Magne Norda l	Spesialkonsulent	X		X

Frå tilsynsorganet deltok:

Rådgivar/jurist Anders Skorpen Seniorrådgivar Aase Årsbog Dyrset Seniorrådgivar
Janne Bjørnsnøs

**SUNNMØRE
KONTROLLUTVALSEKRETARIAT IKS**

23.04.2014

Kontrollutvalet i
Giske kommune

**SAK 12/14
INNSTILLINGSRETT – KONTROLLUTVALET ELLER RÅDMANNEN**

Som vedlegg følgjer:

- Brev fra Kommunal- og regionaldepartementet av 07.10.2010

Med bakgrunn i kommunelova, kontrollutvalforskrifta og vedlagte dokument vil det bli gitt ei generell innføring om temaet i møtet.

Harald Rogne
dagleg leiar



HORDALAND FYLKESKOMMUNE
Sekretariatet kontrollutval

12 OKT 2010

DET KONGELIGE
KOMMUNAL- OG REGIONALDEPARTEMENT

Fylkesmannen i Østfold
Postboks 325

1502 MOSS

Deres ref
2010/82 322 GHJ

Vår ref
10/1056-3 ERA

Dato

7 OKT 2010

Tolkning av kommuneloven § 77 nr. 6 - Kontrollutvalgets rapportering til kommunestyret

Vi viser til brev m/vedlegg av 15. april 2010.

I brevet anmodes det om en uttalelse fra departementet om hvordan kommuneloven § 77 nr. 6 skal tolkes. Av brevet fremgår det at henvendelsen har sin bakgrunn i en konkret sak, hvor Fylkesmannen har besvart spørsmål som er reist av Østfold kontrollutvalgssekretariat. Departementet vil understreke at vårt brev ikke er ment å ta stilling til den konkrete saken som henvendelsen har sitt utspring i.

Departementet begrenser seg derfor til å gi generelle kommentarer til problemstillingen som Fylkesmannen har reist i sitt brev. Problemstillingen omhandler hvilke saker eller sakstyper kontrollutvalget har innstillingsrett i.

Kommuneloven § 77 nr. 6 lyder:

Kontrollutvalget skal rapportere resultatene av sitt arbeid til kommunestyret eller fylkestinget. For en sak rapporteres til kommunestyret eller fylkestinget skal den ha vært forelagt administrasjonssjefen til uttalelse.

Det fremgår ikke av ordlyden hvorvidt kontrollutvalget har innstillingsrett i de saker hvor utvalget "rapportere[r] resultatene av sitt arbeid til kommunestyret". Spørsmålet om innstillingsrett synes heller ikke berørt i bestemmelsens forarbeider.

Fylkesmannen peker i sitt brev særlig på lovendringen i 2003 hvor kommuneloven § 60

Postadresse
Postboks 8112 Dep
0032 OSLO

Kontoradresse
Åkersg 59

Telefon
22 21 90 90 /
Org nr.
972 417 858

Kommunalavdelingen
Telefaks:

Saksbehandler:
Erlend Aamodt
22 24 68 28

ble flyttet til § 77 nr. 6, og samtidig ble gitt en noe annen utforming. (Gammel) § 60 nr. 8 annet punktum lød slik:

Kontrollutvalget legger rapportene fram for kommunestyret eller fylkestinget med merknader og forslag til vedtak

Før lovendringen i 2003 (i kraft juli 2004) fulgte det altså direkte av loven at kontrollutvalget skulle formulere forslag til vedtak (innstilling). Bestemmelsen var generelt utformet, og altså ikke begrenset til å gjelde utvalgte type rapporter. Spørsmålet blir da om lovendringen i 2003 innebar en tilsiktet realitetsendring i form av en begrensning av kontrollutvalgets innstillingsrett. Som nevnt er endringen ikke kommentert i lovforarbeidene. Departementet mener imidlertid at det ville ha vært naturlig å kommentere en eventuell realitetsendring i lovforarbeidene. Det har derfor formodningen mot seg at lovendringen innebar en tilsiktet lovendring. Departementet kan for øvrig ikke se at gjeldende lovs ordlyd taler imot at kontrollutvalget etter bestemmelsen har innstillingsrett.

Også bestemmelser i forskriften peker i retning av at loven § 77 nr. 6 hjemler innstillingsrett for kontrollutvalget. Forskriften § 10 fastsetter at kontrollutvalget skal utarbeide en plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon, som skal vedtas av kommunestyret. I merknadene til denne bestemmelsen, jf. rundskriv H-15/04, heter det:

Etter innstilling fra kontrollutvalget skal kommunestyret/fylkestinget vedta plan for forvaltningsrevisjon

Merknadene til § 13 annet ledd (plan for gjennomføring av selskapskontroll) omtaler ikke på tilsvarende måte innstillingsspørsmålet. Etter departementets vurdering bør likevel forståelsen av § 10 også gjøres gjeldende for § 13 annet ledd. Det vises til at ordlyden i disse to forskriftsbestemmelsene er identisk når det gjelder utarbeidelse av plan. I forskriften finnes det videre bestemmelser som pålegger kontrollutvalget å avgjøre (§§ 11 og 15) eller gi (§ 12) rapport i forbindelse med forvaltningsrevisjon og selskapskontroll. Når det legges til grunn at det å "utarbeide plan" etter §§ 10 og 13 annet ledd er eksempler på oppgaver som innebærer rett til å innstille, synes også det å "gi eller avgjøre rapport" å være eksempler på det samme. Å formulere en innstilling synes nært knyttet opp mot det å "gi eller avgjøre en rapport".


Departementet antar etter dette at kommuneloven § 77 nr. 6 hjemler innstillingsrett for kontrollutvalget i saker hvor det rapporterer resultatene av sitt arbeid.

I saker hvor kontrollutvalget er gitt innstillingsrett, vil det ikke være anledning for andre – hverken administrasjonssjef eller folkevalgte organer – å avgjøre innstilling.

Kontrollutvalgets enerett til å avgj innstilling er nødvendigvis ikke til hinder for at saken i tillegg forelegges andre folkevalgte organer. Departementet presiserer at slik foreleggelse skal være et supplement til kontrollutvalgets saksforberedelse. Det er ikke adgang til å erstatte kontrollutvalgets saksforberedelse på denne måten. Dersom en slik fremgangsmåte velges må kontrollutvalgets innstilling og eventuelle vurderinger klart fremgå i saksdokumentene til kommunestyret.

Med hilsen


Sølve Monica Steffensen (e.f.)
avdelingsdirektør


Jan Morten Sundeid
seniorrådgiver

Kopi til:

Den norske Revisorforening
Forum for kontroll og tilsyn
Halden kommune
Norges Kommunerevisor forbund
Østfold kontrollutvalgssekretariat